



## Møteprotokoll for Administrasjonsutvalet

**Møtedato:** 19.09.2016  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 09.00 - 10.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Utvalsleiar
Torill Torsvik Størkersen	AP	Nestleiar
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Britt Inger Myhr		Arbeidstakar repr.
Ørjan Valestrand		Arbeidstakar repr.

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Laila Herbst Totland	Arbeidstakar repr.	Ørjan Valestrand
Kjersti F. Soltvedt	Arbeidstakar rept	Britt Inger Myhr
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Siri Tangedal Kratzmeier
Lene Hansen Kvamsdal	H	Frode Langhelle

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, økonomi- og personalleiar Kristian Moen, helse- og omsorgsleiar Helga Ellingsen og personalkonsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka

## Sakliste

Saknr	Tittel
013/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/2016	Godkjenning av møtebok
015/2016	Forsøk med planleggingstid i barnehagane
016/2016	Framlegg til lønspolitisk plan 2016 - 2018
017/2016	Godkjenning av ASA 4303 om driftstilskot privat fysioterapeut praksis i Masfjorden kommune
018/2016	Omgjering av stilling Masfjorden legekantor
019/2016	Personalreglement med høyringsuttale
020/2016	Rapportering sjukefråvær
001/2016	Økonomi orientering

**013/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**19.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**AU - 013/2016 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

**014/2016: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

**19.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**AU - 014/2016 VEDTAK:**

**Møtebok frå administrasjonsutvalet 19.04.16 vert godkjend.**

---

## **015/2016: Forsøk med planleggingstid i barnehagane**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Administrasjonsutvalet godkjenner at det vert sett i gang forsøk med planleggingstid i barnehagane slik det går fram av saksutgreiinga.**

### **19.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **AU - 015/2016 VEDTAK:**

**Administrasjonsutvalet godkjenner at det vert sett i gang forsøk med planleggingstid i barnehagane slik det går fram av saksutgreiinga.**

---

## **016/2016: Framlegg til lønspolitisk plan 2016 - 2018**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Lønspolitisk plan for Masfjorden kommune 2016 – 2018 vert vedteken slik den ligg føre, jf. vedlegg av 05.09.2016.

### **19.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **AU - 016/2016 VEDTAK:**

**Lønspolitisk plan for Masfjorden kommune 2016 – 2018 vert vedteken slik den ligg føre, jf. vedlegg av 05.09.2016.**

---

**017/2016: Godkjenning av ASA 4303 om driftstilskot privat fysioterapeut praksis i Masfjorden kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune godkjenner ASA 4303 avtale om driftstilskot og takstar for fysioterapeuter med driftsavtale, og frå 1.juli 2016 vert satsen for fullt driftstilskot kr. 420.600 pr. år.

**19.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**AU - 017/2016 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune godkjenner ASA 4303 avtale om driftstilskot og takstar for fysioterapeuter med driftsavtale, og frå 1.juli 2016 vert satsen for fullt driftstilskot kr. 420.600 pr. år.**

---

## **018/2016: Omgjering av stilling Masfjorden legekantor**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Fast 90 % stilling som bioingeniør ved Masfjorden legekantor blir omgjort til 100% stilling som sjukepleiar.**

**Masfjorden kommune lyser ut 100% fast stilling som sjukepleiar ved Masfjorden legekantor.**

### **19.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Rådmann Svein Helge orienterte om at dette var ei reell stillingsauke, om dette kunn dreier seg om omgjering av stilling har rådmannen fullmakt til å avgjere det.

Helse- og omsorgsleiar Helga Ellingsen informerte om bakgrunnen og behovet ved legekantoret.

Saka vart drøfta.

**Kjersti F. Soltvedt (NITO)** la fram nytt framlegg til vedtak:

Fast 90% stilling ved Masfjorden legekantor blir omgjort til 50% stilling til bioingeniør og 50% stilling til sjukepleiar.

Masfjorden kommune lyser ut 50% stilling so bioingeniør og 50% sjukepleiar

### **Røysting:**

Framlegg frå rådmannen og framlegg frå NITO vart røysta mot kvarandre, rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster (2 frå H og Sjukepleiarforbundet) og NITO sitt framlegg 3 røyster (SP, A og NITO).

### **AU - 018/2016 VEDTAK:**

**Saka går vidare til formannskapet.**

---

## **019/2016: Personalreglement med h yringsuttale**

### **R dmanden sitt framlegg:**

**Personalreglementet blir vedteke slik det ligg f re.**

### **19.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Ordf rar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart dr fta.

Framlegg til vedtak vart samr ystes vedteke.

### **AU - 019/2016 VEDTAK:**

**Personalreglementet blir vedteke slik det ligg f re.**

### **19.09.2016 FORMANNSKAPET**

Ordf rar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samr ystes vedteke.

### **FS - 084/2016 VEDTAK:**

**Personalreglementet blir vedteke slik det ligg f re.**

---



## **020/2016: Rapportering sjukefråvær**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Sjukemeldingsstatistikken vert teken til vitring**

### **19.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **AU - 020/2016 VEDTAK:**

**Sjukemeldingsstatistikken vert teken til vitring**

---

## 001/2016: Økonomiorientering

### 19.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om økonomi innleiingsvis i møte, før handsaming av saker tok til.

#### Økonominotat etter mottak av prognose eigedomsskatt kraftverk for åra framover..

Viser til rammesak for budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 som KS sak 55/16 av den 22.6.2016 som grunnlag for utarbeiding av budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020. Det har vore usikkerheit kring konsekvensane av låge kraftprisar og kva utslag dette vil få for kommunen sine kraftinntekter. Rammesaka la til grunn reduserte inntekter i åra framover. Statsbudsjettet i fjor haust med auke i grunnrente til staten som del av kraftverksbeskatninga og energimeldinga som vart framlagt i vår trua ein del av kommunen sine kraftinntekter. Konesjonskraft og konesjonsavgift vart redna, men ein forventar mykje lågare verdi på konesjonskraft enn det ein opplevde for eksempel i toppåret 2010. Eigedomsskatten har vi bede om prognose for åra framover frå BKK, og denne kom førre veke, og men lagt dårlegare tal enn ein forventa og hadde kalkulert med.

Eigedomsskatt i NOK	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Matre H	8 645 413	7 371 944	6 223 796	6 003 780	4 919 879	4 468 302	4 282 872	4 197 176	4 198 045	4 379 951	4 899 565
Matre M	9 164 495	8 314 768	7 126 652	5 870 058	4 440 537	3 674 658	3 697 785	3 691 159	3 565 002	3 689 541	5 612 178
Vernundsbøtn	2 916 790	2 543 091	2 331 940	1 898 323	1 169 522	1 026 654	1 028 390	996 459	974 713	952 439	1 566 117
Stordal	66 346	48 713	44 411	33 722	34 434	33 373	33 863	33 434	33 577	32 958	32 821
Hammelfoss *	74 046	70 208	65 638	61 463	57 348	53 288	49 351	45 506	41 809	38 147	34 518
Vestrebotn *	13 087	12 610	12 094	11 597	11 106	10 618	10 133	9 652	9 173	8 697	8 223
Masfjorden	20 880 177	18 361 334	15 804 532	13 878 943	10 632 826	9 266 893	9 102 393	8 973 386	8 822 320	9 101 734	12 153 422

Nedgang i eigedomsskatten om prognosane slår til i forhold til nivå 2016 budsjettet

**2017 ned med over 2,5 mill.kr.**

**2018 ned med nær 5,1 mill.kr.**

**2019 ned med 7 mill.kr.**

**2020 ned med 10.247.254**

Tala for 2017 er basert på likninga 2015 og reelle, tala utover er basert på prognose, og vert meir usikre dess lengre fram i tid ein ser – men tendensen er klar. Utover i 2020 åra vil nedgangen utgjere meir enn 12 mill.kr. ned i høve årets nivå.

To sentrale faktorar for eigedomsskatten er kraftprisen og grunnrente, under ein oversikt over kraftprisen og utviklinga dei seinare år.

	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007
Områdepris NO5 EUR/MWh	19,8	27,1	37,6	29,0	45,9	51,8	33,7	39,15	25,7

Grunnlaget er basert på innfasing av kraftpris og gjennomsnitt siste 5 år. For eksempel vart 2010 fasa ut med pris 51,8 med prisen i 2015 med 19,8, og prognose for åra framover ligg mellom 19 og 23 øre, og forklarar stor del av nedgangen i eigedomsskatten. I tillegg viser ein til statsbudsjettet 2016 og endringa som og påverkar eigedomsskatten til kommunane negativt, auke i grunnrente til staten, får kraftselskapa trekke i frå før grunnlaget for eigedomsskatten kraftverkvert sett.

07. oktober 2015

# Statsbudsjettet - Økt grunnrenteskatt og innslagspunkt for naturressursskatt vil gi kommunene lavere skatteinntekter

Regjeringen foreslår å øke grunnrenteskatten for vannkraftanlegg og særskatten for petroleumsanlegg med 2 pst. Det innebærer en grunnrenteskatt på 33 pst. og en særskatt på 53 pst. For kommuner med vannkraftanlegg vil det innebære reduserte eiendomsskatteinntekter.

---

## Reduserte eiendomsskatteinntekter for kommunene

Forslaget om økt grunnrenteskatt for vannkraftanlegg fremgår av Prop. 1 LS (2015-2016) punkt 1.2, og er begrunnet i at skatteprosenten for inntektsskatt reduseres fra 27 pst. til 25 pst. Siden det i skatteloven § 18-5 er bestemt at grunnrenteskatten skal komme i fradrag i eiendomsskattegrunnlaget, innebærer dette et redusert eiendomsskattgrunnlag for vannkraftkommunene. Hvilken virkning dette vil få for den enkelte kommune avhenger av hvorvidt skattegrunnlaget ligger over maksimumsverdien i eiendomsskatteloven § 8 B-1 (4), som for tiden er 2,74 kr/kWh.

Dette er også lagt til grunn av Regjeringen i budsjettet hvor det blant annet fremgår:

Den 6.oktober vert statsbudsjettet for 2017 lagt fram. Då vil resultatet og konsekvensane av omleggingane til nytt inntektssystem verte synleggjort. Hittil er kalkylane basert på historiske tal og forhold. Har fått signal frå Fylkesmanns embetet at vi kjem like dårleg ut som ufrivillig liten som kommunar som vert definert som frivillig liten, og dersom dette skulle stemme, vil vi få reduserte frie inntekter i forhold til rammesaka.

Summen av reduserte kraftinntekter og endring av inntektssystem er forholdet som vil påverke handlefridommen til kommunen, med konsekvensar både for drift og investering og gjev oss store utfordringa med budsjettbalansen framover, og spesielt om ein ser ut i økonomiplanperioden.

---

**Rett utskrift av møteprotokoll frå administrasjonsutvalet den 19.09.16 vert  
vitna:**

---

Karstein Totland  
ordfører

---

Torill Torsvik Størkersen  
varaordfører